


Jon Godal,
7100 Rissa.

25. juni 1991

Universitetets Oldsaksamling,
Frederiksgt 2,
0164, Oslo 1.



TØYRESTAR FRA KYRKJER

Underskrivne har saman med forskar Erik Andersen frå Vikingeskibshallen i Roskilde og i forståing med Riksantikvaren undersøkt taket i nokre mellomalderkyrkjer med sikt på å gjera funn av tekstilar.

Det syner seg at det i taktroa på sume mellomalderkyrkjer finst tekstilar. Tekstilane dreiar seg til dels om restar av klede og til dels ser det ut til å vera restar av seglduk. Sumt er spunne med sikt på å vera si (tetting på langs mellom bord). Vi har også sett stubbar av taug hengande i takverket og som verkar til å vera svært gamle.

Vi kan ikkje utelukke at tekstilar har gått inn som eit fast element i tekkinga av dei eldste kyrkjene. Ved seinare omleggingar av taka har ein del av desse tekstilane ramla ned på murkrona. Vi har gjort funn av "taktekstilar" på murkroner.


Vi kan heller ikkje utelukke at tekstilane har ramla lenger ned og kome ned i eller under golvet. Med tekstil som eit ordinært tettingsmiddel i taket er det heller ingen fjern tanke å nytte tekstilar som eit ordinært tettingsmiddel mellom/under golvtilene.

Vår problemstilling gjeld rekonstruksjon av mellomaldersegl. Så vel fibertype som fiberkvalitet, spinnemåte, vev og saum har interesse i denne samanhengen.

Vi vil gjerne få eit oversyn over kva som finst i Dykkars magasin av tekstilar (si, taug, vevnad) som er komne fram/tekne vare på frå mellomalderkyrkjer.

Eg ville vera svært takksam for å få eit slikt oversyn innan 20.8.

Med venleg helsing,


Jon Godal.



UNIVERSITETET I OSLO
INSTITUTT FOR ARKEOLOGI, KUNSTHISTORIE OG NUMISMATIKK
FREDERIKS GATE 3
0164 OSLO 1

Lagmann

Jon Godal
7100 RISSA

KOPI

Deres ref.:

Oslo, 19.07.91

Vår ref.: (bes oppgitt ved svar)

TØYRESTER FRA KIRKER

Vi viser til brev av 25. juni d.å. og oversender herved kopier av katalogkort over samtlige funn av tekstil/tau/snør gjort i kirker i vårt distrikt.

Vi gjør oppmerksom på at bestemmelsene vedrørende fiber-type ikke nødvendigvis er gjort av eksperter og dermed ikke alltid er helt å stole på.

Hvis det blir aktuelt med besøk i våre magasiner, ber vi om å bli varslet på forhånd, slik at vi kan avtale tids-punkt.

Med vennlig hilsen

Birthe Weber
fung. konservator

Besøksadresser:

Oldsaksamlingen,
Frederiks gate 3, Oslo
Telefon (02) 41 63 00
Telefax (02) 41 10 12

Myntkabinetet,
Frederiks gate 2, Oslo
Telefon (02) 41 63 00
Telefax (02) 41 10 12

Klassisk arkeologi/kunsthistorie
Niels Treschows hus, 3. etasje,
Blindern, Oslo
Telefon (02) 45 68 15
Telefax (02) 45 44 41

Vikingskipshuset,
Huk Aveny 35,
0286 Oslo 2
Telefon 43 83 79